

Fra: **ARKHAUS** alex@arkhaus.no 
Emne: Re: Toalett ved Skansen i Hammerfest
Dato: 6. september 2021 kl. 15:11
Til: **Gunnar Røe** Gunnar.Roe@hammerfest.kommune.no
Kopi: **Håkon Rønbeck** Hakon.Ronbeck@hammerfest.kommune.no

A

Hallo Gunnar

Ut frå prosessen hittil er den skisserte rollefordelinga i prosjektet vidare ikkje akseptabel. Her peikast det på fylgjande:

1. Du har bed om pris og fått tilbod på SØK gjennom ARKHAUS 9.mars 2020
2. Du har invitert til oppstartsmøte 16.april, bl.a. med punkta "*Søknadsprosess*" og "Hva med forhåndskonferanse". På møtet gav du klårt uttrykk for at ARKHAUS skulle søkje om *ramme* (så raskt som råd), og entreprenøren om *igonsetting* etter gjennomført kontrahering
3. Det peikast på vår dialog om både skissering av bygget og utarbeiding av dokumenta til rammesøknaden i mai og juni 2021, og spesielt på gjennomført forhandskonferanse 14.mai, kor ARKHAUS vart invitert og presentert som SØK (sjå referatet frå forhandskonferansen: "*Ansvarlig søker: Arkhaus AS v/Alexander Kupz*"). Sidan kravet på dispensasjon ikkje var kjent på dette tidspunktet enno var SØK uansett den einaste rollen ARKHAUS *kunne* ha på forhandskonferansen.
4. Etter gjennomført forhandskonferanse og informasjon frå kommunen om forskjellige krav fekk ARKHAUS i tillegg oppdrag på utarbeiding av *søkanden om utslepp, søknad om dispensasjon* (som me ikkje kunne vite om på forhand) og seinare *søknad om samtykke* - som grunnlag for å kunne ferdigstille rammesøknaden.

Proessen med toalettbygget var krevjande hittil grunna ein del uventa forstyringer/krav undervegs. Mitt firma har fått oppdrag på å syrgje for at alle naudsynlege skritt vert gjort, og eg vonar at du ser innsatsen på mi side for å få strukturert og gjennomført desse effektivt, nettopp for å få utarbeida/sendt ut byggjesøknaden så raskt som råd. Det at fylket/kommunen trengte heile 3 månadar for å handsame dispensasjonssøknaden, som vart sendt herfrå 3.juni, og at søknaden om ramme difor ikkje kunne lagast/sendast tidlegare, kan ikkje ARKHAUS ta ansvar for.

Eg kjenner ikkje til tilbodet på SØK frå entreprenøren, men fekk eit klårt inntrykk på møtet tidlegare i dag at du likte mitt forslag å søkje i 1 trinn (i staden for 2 trinn). Forslaget var sjølvstøtt relatert til *mitt* arbeid vidare, og eg kan heller ikkje hugse at du nemnde at entreprenøren hadde ein liknande post i sitt tilbod. Tvert imot ville du sjekke om det å søkje i berre 1 trinn kan vere mogeleg her.

Uansett er eg av den klåre oppfatninga at bestilling av SØK gjennom mitt firma (altså mykje tidlegare i prosessen) var bl.a. relatert til ønsket om å få *realisert* prosjektet allereie i sumar 2021. No er denne planen diverre ikkje lengre aktuell grunna alle dei nemnde uventa utfordringene ovanfor, men dette kan etter mitt syn ikkje vere noko gyldig grunn for å bryte avtala vår.

Alt i alt opplevast det å påstå at ARKHAUS ikkje har fått oppdrag som SØK overhovud som meget overraskande i vår etter mitt syn god elles kommunikasjon, men òg som ganske forstyrrende.

Er eg særst interessert i ei rask og minneleg løysing i denne saka, og foreslår å ta saka vidare personleg på eit møte. Kom gjerne med forslag til tidspunkt.

PS: For orden si skuld skal det understrekast det at din informasjonen tidlegare i dag om at dispensasjonssøknaden vart godkjent gjer vedlegga til rammesøknaden komplett, slik at denne kan ferdigstillast og sendast ut når som helst.

- venleg helsing

Alexander Kupz
arkitekt MNAL
dipl.ing.architektur

ARKHAUS

alex@arkhaus.no
41790525